

Årsmelding Dirdal Misjonsforsamling NLM 2019

Dirdal Misjonsforsamling driv arbeidet inn under det verdensomspennende mottoet "Verda for Kristus". Arbeidet lokalt legg me inn under måla nedanfor.

Vårt mål

Levende tro – Voksende fellesskap

Vår visjon

Vi ønsker å være et inkluderende fellesskap som frimodig deler det vi selv har mottatt i Jesus

Våre verdier

Sannhet – Frihet - Lydighet

Finn ein levande tru og veksande fellesskap i Dirdal Misjonsforsamling? Er fellesskapet inkluderande? Møter me nokon som kan gje oss prov på at Jesus er blitt delt i løpet av året? Er det frimodighet som preger oss? Finn ein sanning, fridom og lydighet? Me må tenkje over det. I utarbeiding av ei årsmelding gjer styret seg desse refleksjonane. Styre ønskjer å leggje tilrette for at arbeidet skal gje frukt, men kva tid kan me seie at arbeidet har lukkast?

Svaret på dette kan vere sprikande ut frå kven du spør. Ein kan vise til godt oppmøte på formiddagsmøter, familiemøter, forsamlingstur, oppstartsveke og møteveker. Ein kan vise til høg aktivitet i barnarbeidet, der glede og begeistring kan vere eit beskrivande omgrep. Ein kan vise til enkeltpersonar som har blitt berørt av Gud og er blitt fornya i gudslivet gjennom budskapet ein har fått høyrte. Alphakurset framstår som eit vellukka arrangement. Eit godt resultat på julemesse. Vi gleder oss over ungdommar som har begynt å gå meir på møta!

Andre kan kjenne på at tradisjonen står i veien for nyskaping, glede og frimodighet. Nokre ønskjer ein endå tydelegare leiarskap og ei tydelegare målretta forsamling. Andre vil seie at marknadstanken ikkje passer i eit kristent arbeid, men at det er Ordet og Anden som skaper vekst og liv. Nokre løfter fram behovet for å vere ei enda meir utadretta og vinnande forsamling. Me må vere der folket er.

Gud ber oss om å leve eit lit i Anden og ikkje i kjøttet. Det kjøttet, vil står Anden i mot! Dei to står i strid med kvarandre. Bibelen seier òg noko om kva ein finn igjen der livet vert levd i Anden. ²² *Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap,* ²³ *audmjukskap og sjølvdisiplin. (...)* *Lever vi ved Anden, så lat oss og vandre i Anden.* " På frukta kjenner de treet!

Trass ulikskapar, personligheiter, aldersspredning, dei positive og fremadretta, dei som stiller undrande spørsmål, ulike syn på enkeltsaker, så opplever styret ei forsamling der ein finn att mange av Andens frukter. Me er èin flokk, èin enhet, ei tru og èin Frelsar. Forsamlingsturen vitnar noko om dette. "Det var godt å vere saman", både på det menneskeleg og det Andelege plan. Delekvelden vitna òg om det, glede i Herren, sanning og ærlegheit oss i mellom.

Styret gleder seg over dette, og vil løfte fram Guds Ord som gjer sitt arbeid i bygda. Forsamlinga får vere ein oase der Livet i Gud får kraft og styrke til livet i verda. Me må halde fast på dette. Styret vil òg løfte fram begynnelsen på eit meir tilrettelagt arbeid for undervisning. Der samfunnet går i ei meir og meir sekulær retning, er behovet for å stå fast i læra desto viktigare. Barna må få vekse opp og bli

grunnfesta i truslivet, her er heimen og forsamlinga viktig. Når skulen lærer barna om trusforestillingar må me leggje til rette for at Anden og Guds Ord skaper ei levande tru.

Lag og foreiningar knytt til misjonsforsamlinga:

Det er ikkje dei store variasjonane i lag og foreingar som er knytt til forsamlinga. Oversikten er slik:

- Kongebarna
- Maks-klubb
- Yngres
- Fredagstreff
- Ungdomsforeiningen
- Kvinneforeiningar:
 - Unge kvinne
 - Kaphenguria
 - Voi
 - Suao
 - Kunming
 - Byrkjedal
- Dirdal mansforening

Forsamlinga har medlemmer.

Styret har i 2019 bestått av:

Olav Erik Dahl (Ledar)

Lars Tore Gustavsen (Nestledar)

Glenn Ove Gilje (Økonomiansvarleg)

Bjørg Gilje (Sekretær)

Tove Gilje (Styremedlem)

Jane Marie Skjærpe (1. varamedlem)

Styret har i 2019 behandla 37 saker.